



tlei@equinor.com

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/3769 - 23/41113

Saksbehandlar:

Mikkel Bengtsson

mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:

30.05.2023

## **Godkjenning av målretta avskyting av hjort 2023 - Mongstad hjortevald - Vald nr 4632V0004**

**Administrativt vedtak: Saknr: 560/23**

### **VEDTAK:**

Med heimel i Lov om forvaltning av naturens mangfald § 17 femte ledd og § 18 bokstav b og c godkjennast 1 års målretta avskyting av hjort 2023 for Mongstad hjortevald, vald nr 4632V0004.

Godkjenninga er gjeve på følgjande vilkår:

- 4 stk. eldre bukk, 1 spissbukk, 4 stk. kolle/Fjorkolle og 3 stk. kalv. Eit løyve i kvar kategori er et fritt løyve.

-Kalv kan fellast i staden for vaksne dyr av begge kjønn.

Grunngjeving for løyve går fram av saksutgreiing og vurdering.

### **Saka gjeld:**

Trond Leikvoll søker i brev dagsett 30.05.2023, på vegne av hjortevald Mongstad, vald 1264V0004, om godkjenning av 1 års målretta avskyting for hjort sesong 2023.

Equinor ynskjer å kunne redusere bestanden av hjort i sesong 2023. Tendensen har vert at det ofte trekker inn dyr i løpet av seinsommar og tidleg haust som aukar vinterbestanden i områda. Best kunnskap om stammen vert innhenta unner jakta etter trekket.

Hjortevaldet felte 4 bukk i jakta sesong 2022 og 2 eldre aggressive bukkar på våren 2023 så hjortevaldet ynskjer i utgangspunktet ikkje å vil felle så mye bukk i sesong 2023. Hjortevaldet har full fokus på ar ta ut små/ unge dyr av alle kategoriar

Hjortevaldet foreslår eit uttak på Hanndyr: 4 stk. eldre bukk, 1 spissbukk, 4 stk. kolle/Fjorkolle og 3 stk. kalv. Hjortevaldet ynskjer gjerne, grunna fleksibilitet, å få tildelt ei fritt løyve i kvar kategori.

#### **VURDERING:**

Arealet på Mongstad er ikkje som andre vald i kommunen i det at det er opent for dyr å symje inn frå sjøside, mens industriområdet elles er inngjerda. Det er difor tilsig av dyr, mens det er vanskeleg for dyra å finne vegen ut igjen. Det har tidlegare vist seg å vere utfordrande å jage dyr utå av området Søkar har anslått tall dyr til å vere mellom 20 og 25 individ + kalveproduksjon til sesong 2022. Dette er for mykje på eit så avgrensa område og det vil føre til behov for tilleggs føring gjennom vinteren for å unngå overbeiting og fallvilt.

Landbrukskontoret vurderer at det er for mange dyr inne på området og at tilleggs føring ikkje er ein berekraftig og lovleg løysing på problemet. Det er og ganske sannsynleg at tilleggs føring kan hå lokkande effekt og auke innvandringa av hjort til det inngjerde områda. Det er difor vurdert at det er betre dyrevelferd å ta ut fleire dyr kommande sesong i staden for å risikera å utsetja dyra for lidelsar gjennom vinteren. Det er og vurdert at matmangel kan få hjorten til å bevege seg meir og til områda innanfor gjerdet der den vanlegvis ikkje ferdast. Ein slik endring i åtferd kan utgjera ei fare for skade på eigedom, samt fare for sikkerheit for tilsatte og hjorte på basen. Omsyn til trafikksikkerheit for å unngå følgjeskadar på drifts messig kritisk infrastruktur på Equinor Mongstad er og vurdert tungtvegande i avgjerda.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7. Kunnskapsgrunnlaget omkring hjorten inne på Mongstad er truleg den hjorten me har mest kunnskap om i Nordhordland. Den har vore forska på og det opne landskapet kombinert med engasjerte jegerar gjer at me har ekstrem god kunnskap om tall, kjønn, alder og helse på dyra.

Kommunen og jegerane har gode rutinar for oppfølging av bestanden i resten av kommunen gjennom registrering av sett hjort og årleg vårteljing. Landbrukskontoret vurderer kunnskapsgrunnlaget som middel. Hjortestammen i Austrheim er levekraftig og er sikra god genetisk diversitet gjennom trekk til og frå kommunen. Det same er gjeldande for hjorten på Mongstad der det kjem til dyr utanfrå. Slik bestanden inne på Mongstad har utviklast seg ser ein at det er fare for naturmangfaldet gjennom overbeiting og at mindre beitetålande artar går ut. Det vert difor vurdert at det er til det beste for naturmangfaldet at det vert felt fleire dyr. Det er ikkje snakk om å fjerna stammen eller gjera andre inngrep i naturen på staden. Det er difor vurdert at økosystemet ikkje vil bli målbart påverka av tiltaket. Uttaket vil ikkje ha merkbar negativ påverknad av hjortebestanden i Austrheim kommune. Det er tidlegare gjort forsøk på å jage hjort ut frå området, utan suksess.

For å unngå å stresse dyra unødig mykje, og for å sikre at dyr ikkje vert utsatt for unødig lidelse gjennom vinteren godkjennast plana for 2023. Avskytinga for 2023 vert diskutert mellom viltansvarleg hos Equinor Mongstad, Trond Leikvoll og administrasjonen.

Hjortevaldet skal avstemme uttaket i sesong 2023 etter kategori dyr som trekker in/ ut av det inngjerde område for at optimere den selektive avskyting. Derfor er det mogleg for hjortevaldet at justera et løyve pr kategori til en annan kategori dyr. Total uttaket får ikkje overskridast.

Mongstad hjortevald oppfordrast til å fokusere uttaket i kategori «eldre bukk» til aldersklasse 2 (2,5-4,5 år) for ikkje å redusere mengda av utvoksa bukk i aldersklasse 3 (5,5-9,5år) og aldersklasse 4 (10,5 år+) i bestanda grunna uttak av dei to aggressive bukkar på våren 2023. Uttaksmengda av eldre bukk skal ikkje forårsake at kjønnssamansettinga i bestanda endrast.

**Regelverk**

LOV-2009-06-19-100: Lov om forvaltning av naturens mangfald.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 23/41113

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

tlei@equinor.com